

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
04 JUL 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

03.07.2014

**1.Søknad om frådelling , rett til å riva og oppføra nytt bustadhus med utleigedel  
2.Arealoverføring av ca 800m2 som tilleggsareal til bnr. 279.**

1. Søknaden gjeld gnr. 108 bnr 6 Vestre Kvalen i Lindås -- Eigar Laila Tykhelle Fjellanger fødd 30.08.1951.

Eg eig og bur på gnr. 108 bnr 279 saman med mannen min Helge Fjellanger . Våningshuset på 108/6 ønskjer eg å skilja ut på eit eige bnr med eit areal på ca 2,5 mål.

Etter Kommuneplan 2011-2023 (arealdelen) er området "Gult". (Bustadområde) Våningshuset på bnr 6 er oppført ca 1910. Delar av bustaden vart renoverert på 60 talet.

Det vart utleigd i periodar på 80 og 90 talet, men har vore ubebudd dei siste 15 åra.

Huset er ikkje tjenleg etter dagens krav. Takhøgda ca 180 cm i kjellaren. Taket har råteskadar etter lekkasje. Pipene må skiftast (fyringsforbod). Bjelkelag i halve huset må skiftast.

Gardsdrifta vart avvikla i 1970. Driftsbygningen er defekt.

Innmarka vert hausta av Konrad Kolås.

No har barnebarnet mitt ønske om å føra opp bustadhus med utleigedel der dotter mi kan bu i utleigedelen. Barn og barnebarn er oppvaksen på staden. Den utskilde tomten må få same vegrett som bustaden på 108/6 har i dag. Det er offentleg vatn og kloakk på eigedomen. sjå kart merka 1.

2. Arealoverføring av ca 800m2 som tilleggsareal på gnr 108 bnr 279. Arealet skal nyttast til parkering og parkanlegg til bnr. 279. sjå kart merka 2.

Med vennleg helsing

*Laila Tykhelle Fjellanger.*

Laila Tykhelle Fjellanger